



TOYOTA



RESULTAT FRÅ

Olsokstemne 2017, Hornindal og Markane Skyttarlag



Ole Magnus Bakken frå Løiten vann årets Olsokstemne. Med serien 50-50-50-100-147 slutta Bakken på 397 poeng. Dette er tangering av den "uslæelege" banerekorden frå 2008.

På andre plass kom Tor Gaute Jøingsli, Lom og Skjåk, med 395 poeng.

Tredje plass til Odd Sverre Håkenstad frå Lesja med 393 poeng. Fjerde plass til Bertel Oddne Mjellem frå Hyen, med 391.

Odd Sverre Håkenstad, Lesja, vann Einar Øen's minnepremie på Olsokskytinga med 149 poeng.

Det vart vist svært mykje god skyting også i dei aldersbestemte klassane. I klasse V73 var det heile fem skyttarar som skaut 350 poeng. Best var Svein Hoem, Stryn, med 30 innertreff.

Hornindal og Markane Skyttarlag fekk mykje positiv omtale for den nye flotte skytebanane.

Vinnarar av dei aldersbestemte / militære klassane vart:

Rekrutt: Nora Sæterøy Høybakk, Langevåg	350p sølv medalje
Eldre rekrutt: Ola Johan Dybvik, Langevåg	350p sølv medalje
Junior: Bjørnar Rasmussen Aurdal, Sykkylven	349p sølv medalje
Kl.1: Camilla Hjelme, Aalesund	387p sølv medalje
Kl.2: Ørjan Lundon Russenes, Førde	387p sølv medalje
V55: Lars Slyngstad, Engesetdal/Skodje	391p sølv medalje
V65: Ola Loneland, Dale (Sunnfjord)	349p sølv medalje
V73: Svein Hoem, Stryn	350p sølv medalje
AG3: Tom Olav Moldskred, HV-11	377p sølv medalje

I lagskyting om Olsokpokalen (2014-2018) deltok i år 9 lag. Sunnylvn med 429 (Hallvard Sindre minnemedalje, gylt) vann, nr to vart Lom og Skjåk med 427 (Hallvard Sindre minnemedalje, sølv) og nr tre vart Hyen 1 med 426 (Hallvard Sindre minnemedalje, bronse).

Det deltok 255 skyttarar på årets Olsokstemne.

Toyota Nordfjord